

Referat årsmøte Volda rideklubb 2007

Møtte: *Ragnhild Ekornrud, Lena Mari Heltne, Linn Asta Solberg Nærø, Jenny Venås, Liv Jorunn Nyhagen, Nina Sporstøl, Janita Sporstøl, Andreas Eikrem og Ingvild Rydjord Hansen.*

Val av ordstyrar, møteleiar og referent.

Ordstyrar: Janita Sporstøl

Møteleiar: Liv Jorunn Nyhagen

Referent: Ingvild Rydjord Hansen

Sak 1: Godkjenning av møteinnkalling

Innkallinga vart sendt ut på sms, mail, lagt ut på heimesida og publisert på "Volda rideklubb"-gruppa på Blink. Møteinnkallinga vart godkjent.

Sak 2: Godkjenning av rekneskap og årsmelding

Annika kunne dessverre ikkje møte, men vi viste rekneskapen på storskjerm og Liv Jorunn las opp brev frå revisor Kari Mette Sundgot. Rekneskap godkjent.

Liv Jorunn les opp årsmeldinga, årsmelding godkjent.

Sak 3: Val av nytt styre

Desse sit fortsatt:

Janita Sporstøl

Ingvild Hansen

Desse stilte til val til nytt styre:

Edle Holmin

Rigmor Hoggen

Ragnhild Ekornrud

Linn Asta Solberg Nærø

Andreas Eikrem

Jenny Venås

Rebecca Brenne

Liv Jorunn Nyhagen

Rigmor vart vald som vara. På grunn av likt antall stemmer på fleire av dei andre, møter Edle Holmin, Ragnhild Ekornrud, Andreas Eikrem og Liv Jorunn Nyhagen på første styremøte og styret konstituerer seg då, og bestem også kven som er vara nr. 2.

Sak 4: Grupper

Det vert orientert om arbeidet til dei forskjellige gruppene i 2006. Edle Holmin hadde på førehand komt med forslag om ei eiga kioskgruppe og ei underhaldningsgruppe, men årsmøtet bestemte at dette skulle ordnast av aktivitetsgruppa.

Gruppene for 2007 ser slik ut:

Avis/webgruppa: *Liv Jorunn Nyhagen, Elna Berg, Janita Sporstøl og Ingvild Hansen*

Aktivitetsgruppa: *Edle Holmin, Lena Mari Heltne, Jenny Venås, Linn Asta Solberg Nærø, Rebecca Brenne, Liv Jorunn Nyhagen, Ingvild Hansen, Rigmor Hoggen*

Banegruppa: *Andreas Eikrem, Edle Holmin, Nina Sporstøl (Annika Brandal)*

Sak 5: Ridebana

Liv Jorunn informerer om ståda, at bana må flyttast når kontrakta går ut. Andreas viser programmet "GISlink", med kart over moglege område i Volda som kan brukast til ridebane. Årsmøte diskuterer plassering og diverse anna angåande ny ridebane.

Sak 6: Websida

Liv Jorunn pratar om websida, som i 2006 fekk nytt domene. Janita kjem med forslag om at kvar enkelt stall kan ha ein presentasjon, av stallen, fasilitetar og kva for hestar som står der etc.

Sak 7: Eventuelt.

- Det vert Ove-kurs 24-25 mars.
- Årsmøte i M&R rytterkrets 25. februar. Janita og Ingvild reiser for klubben.
- Rytterttinget 10-11 mars, på Gardermoen. Ingvild og Andreas reiser.

Liv Jorunn Nyhagen
(sign)